

## **Referat frå årsmøte/vintersamling i Rogaland og Agder Redaktørforening**

**Farsund 10.02.2011**

Møtet vart arrangert i samarbeid med Mediebedriftene Rogaland og Agder, med delvis felles program. Det møtte 21 medlemmer av redaktørforeninga, 10 frå utgivarforeninga. I tillegg møtte Arne Jensen frå NR, Are Stokstad frå MBL, Espen Reiss-Mathiesen frå Universitetet i Stavanger og sekretær Borghild Balchen.

Samlinga vart innleia med ei omvisning i det nye mediehuset til Farsunds Avis, som vart tatt i bruk like før årsskiftet.

Den faglege fellesbolken hadde leseplater og sosiale medium som hovudtema. Universitetslektor Espen Reiss-Mathiesen frå Universitetet i Stavanger arbeider med eit leseplateprosjekt i samarbeid med MBL, og gav ein statusrapport om kva me veit om interessa for og bruken av denne nye plattformar. Ei utfordring er at utviklinga skjer så fort at det er vanskeleg å fanga opp endringane tidsnok med tradisjonell forskingsmetodikk. Eit anna problem er i kor stor grad dei tidlege brukarane av nye plattformer er representative for resten av folket.

Digital leiar i Stavanger Aftenblad, Kirsten Myklebust, fortalde om dei første erfaringane med Ipad, mens redaktør i Gjesdalbuen, Bjørn Egil Gilje, orienterte om korleis lokalavisa bruker Facebook aktivt i journalistisk arbeid og promotering av avisa.

Redaktørar og direktørar skilde lag etter kaffipausen. Møtet heldt fram med "Kysten Rundt", der hovudbildet er at det går betre økonomisk, men at fleire aviser slit med papiroplaget. Det gjeld særleg dei største, mens dei mest typiske lokalavisene klarer seg betre. Overalt er det framgang på nett.

Foreiningane samla seg igjen til MBL-leiar Are Stokstad si orientering om aktuelle mediepolitiske spørsmål. Stokstad konsentrerte seg om innstillinga frå mediestøtteutvalet, som nå er ute på høyring med frist 18. april. Stokstad oppfordra medlemsbedrifter og enkeltredaktørar til å engasjera seg i høyringsprosessen. Det er viktig med lokale innspel. Strategisk er det viktig å alliera seg med bokbransjen i ein kamp for nullmoms på norsk språk og kultur. Det kan også vera mogleg å koma delvis rundt det problematiske skiljet mellom papir (momsfritt) og digitalt (moms 25 eller 8) ved å argumentera med at det bør vera nullmoms på identiske produkt. Det opnar for nullmoms på pdf-versjonane på Ipad, for eksempel.

Arne Jensen orienterte så redaktørane om aktuelle saker frå Norsk Redaktørforening, blant anna arbeidet med datalagringsdirektivet og handlingsplanen, som har uttalefrist 10. mars. Jensen understreka at NR vil vera eit serviceorgan for medlemmene, og foreninga kan gjerne skreddarsyn kurs o.l. regionalt.

#### **Årsmøtet**Innkallinga godkjent.

1. Godkjenning av innkalling.  
Innkallinga godkjent.
2. Årsmelding 2009/2010.  
Årsmeldinga godkjend utan merknader.
3. Rekneskap 2009/2010.  
Rekneskapen godkjend utan merknader.
4. Kontingent 2011.  
Kontingentauke til 1000 kr som følgje av sentralt vedtak vart tatt til etterretning.
5. Val av nytt styre 2011/2012.  
Leiar: Tom Hetland, Stavanger Aftenblad.  
Styremedlemmer: Marianne Drivdal, Tvedestrandsposten, Morten Rød, Agderposten.  
(Alle attval)  
Valkomite: Kristen Munksgaard, Agder. (attval)
6. Eventuelt.  
Ingen saker.

Møtet heva 18.30. Deretter var det historietime om Farsund Resort og menneske med tilknytning til staden, og så middag.

16.03.2011

Tom H

